

STATENS VEGVESEN MØRE OG ROMSDAL LABORATORIET		HOVUDARKIV: 46.680.13 OPPDRAG: Nr 89.057 LAB.ARKIV: RV 680 HP 13 KOMMUNE: KARTREFERANSE:						
TITTEL: UTSPRENGING AV FUNDAMENT AKSE 3 AURSUNDBRUA.								
SAKSBEHANDLAR: Kåre Ingolf Karlson						RAPPORT NR 10		
KONTAKT: Kontr.ing. Hallgeir Brudeseth								
DATO: 1993 12-22	SENDT TIL	Vsj.	Avsj	KL	OP	HBR		Lab.ark
VÅR REF:	EKSEMPLAR	1		1	1	1		3
Laboratoriet, Molde, den 22/12-93 <i>B. Wiversted</i>								

Laboratoriet har saman med prosjektleiinga for Aursundprosjektet vurdert nivå for sprenging og bore-/sprengingsplan for akse 3 på Aursundbrua. Grunnlaget for vurderinga er terrengprofil utarbeidd av entreprenøren Eeg-Henriksen Anlegg A/S og videofilm laga av dykkarar innleigd av entreprenøren. Det var relativt bra kvalitet på videofilmen denne gongen.

Fundamentet i akse 3 skal plasserast på ein markert og oppstikkande fjellformasjon ute i Aursundet. Berre 2m til 3m i nordleg retning langs bruaksen frå fundamentgropa ligg ei jettegryteliknande grop i fjellet. Ho har diameter rundt 5m og eit overheng på ca. 1m på 10m høgde. Gropa ligg mellom ca. kote -10 og -20. Det er viktig for fundamentet å behalde veggen mellom fundamentgropa og jettegryta.

Profileringa og videofilminga avdekka ei grøft som går frå sørvest mot senter av fundamentet og dreier rett nord like aust for senterbolten. Mot nord forsvinn grøfta som truleg er ei sprekkeseone. I veggen på jettegryta går ei markert sprekkeseone som truleg har samanheng med sprekkeseona. Det er vanskeleg å seie sikkert kva retning sprekkeseona har berre ut frå grøfta i den kuperte fjelloverflata. Mest truleg fell soneretninga saman med ei av hovudsprekkeretningane kartlagt på land, strøk/fall  $065^{\circ}-080^{\circ}/67^{\circ}-72^{\circ}$  S. I tillegg kan ein i veggen i jettegryta sjå mindre markerte sprekker truleg med strøk/fall  $165^{\circ}-170^{\circ}/87^{\circ}$  V- $100^{\circ}$ . Nær sørenden av fundamentstaden går ei mindre grøft i overflata i aust-vest retning. På land er det kartlagt ei tilsvarande sprekkeretning med fall  $42^{\circ}$  N. Ut frå profileringa synest det ikkje å vere fare for utgliding i fundamentgropa når det blir sprengt ned til kote -15. Vedlegg 1 viser profil langs bruaksen i lokal nord-sør retning. Sprengingsgropa er teikna inn på terrengprofilet.

Entreprenøren presenterte først ei boreplan med mønster 1,2m\*1,2m for hol under 1,5m lengde. Djupare borhol skulle borast med mønster 1,5m\*1,5m. Det skulle nyttast borhol med diameter 64mm. Det var også tenkt ei holrast så langt nord for teoretisk sprengingsprofil at veggen ut mot jettegryta mest truleg ville rase ut.

Laboratoriet foreslo eit meire forsiktig sprengingsopplegg for å auke sjansane for å berge nordveggen i fundamentgropa.

- Holrasta lengst nord bør kuttast ut.
- Konturhola i nord mot jettegryta bør borast med avstand 0,5m, men berre annakvart hol må ladast.
- Dei 3 nordlegaste metra av fundamentgropa bør borast med mønster 1,0m\*1,0m.
- Holdiameter 48mm for dei hola som er nemnd ovafor.
- Den delen av salva nemnd ovafor må sprengast til slutt med konturhola aller sist.
- Resten av fundamentgropa mot sør kan sprengast etter plana som entreprenøren først utarbeidde.

Etter dette laga entreprenør Eeg-Henriksen Anlegg A/S ei ny bore- og sprengingsplan vist i vedlegg 2. Laboratoriet har ikkje merknader til denne plana.

Linka drifleda

6m


5m

5m

8m

-10.0 moh.

-15.0 moh.



PROFIL NORD/SØR.

N

VEDREGG 4

# VEDLEGG 2

Side



## EEG-HENRIKSEN ANLEGG A-S INGENIØR - ENTREPRENØRFORRETNING

Prosjekt **AURSUNDBRUA**

Sign. **AT**

Dato **14/12-93**

### NY SPRENGNINGSPLAN FOR AKSE 3


ETTER BYGGHERRENS KORREKTJONER PR 10.12.93



HULLAVSTAND I KONTUR 0,5M.

BORRKRONE 48 mm

LADING ANNEHVERT HULL



UTSLAG